



# Hardangerrådet

Til  
Det kongelige Olje- og Energidep.  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
041/944-175	
DATO - 2 MARS 2005	
AN	EKSP.
521	

Kinsarvik 28.02.05

## HØYRING – NOU 2004:26 HEIMFALL

### Hardanger og Vasskrafta.

Hardangerrådet er regionråd for dei 7 Hardangerkommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik.

Hardanger har naturgjevne vasskraft ressursar i høge fjellområde, store nedbørsområde og høge fossefall. Vasskrafta har kommunane i regionen i samspel med storsamfunnet og statlege styresmakter bygt ut og slik gjeve viktig bidrag til nasjonal verdiskaping og bygging av landet.

Hardanger har fått bandlagt store område regulert til vasskraftutbygging dei siste 100 åra til nytte både for den nasjonale energiforsyninga og industriutviklinga. Me kan nemna nokre storanlegg i hardangerregionen: Valldalsutbygginga i Røldal i Odda, Tyssefaldene- og Bersåvatnutbygginga i Odda og Ullensvang, Hardangervidda/Eidfjordanlegga/Sima kraftverk i Eidfjord og Ulvik, Solsivatn/BKK i Ulvik, Bjølvefossen i Ålvik i Kvam. Elles har regionen frå 1920-talet bygd ut kommunale forsyningskraftverk og teke ansvar for og kostnader med å gje innbyggjarane elektrisk kraftforsyning. Til saman produserer Hardangerregionen 4638 GWH til fellesskapet, som er 4 % av norsk total produksjon. I tillegg kjem småkraftverk, minikraftverk og mikrokraftverk som no er i rask utvikling.

**Hardangerrådet meiner at den verdiskapinga som vert gjort ved utnytting av naturressursane i Hardanger skal koma regionen til gode og gje grunnlag for vidare regional utvikling. Vasskraft er ein av dei viktigaste naturressursane i Hardanger og må framleis vera det.**

### Proessen i NOU-en og uavklarte EØS-premissar.

Hardangerrådet er bekymra for den farten og dei prosessane denne NOU-en vert drive fram etter. Hardangerrådet viser til uttale i januar 2003 om framlegg til endringar i Industrikonsesjonslova og Vassdragsreguleringslova, der regionen kravde eige lovutval i saka. Bakgrunnen for endringane den gongen var brev frå ESA om forholdet mellom norske og private og utanlandske aktørar i det norske heimfallsinstituttet. Dessverre har ikkje NOU-en om Heimfall gjort den nødvendige avklaringa med ESA, heller ikkje EU-landa forståinga av rettstilstanden i heimfallsinstituttet. Fleirtalet i utvalet byggjer sine konklusjonar på synspunkta til ein "EØS-Utreder". Hardangerrådet meiner dette er for einsidig sidan andre med fagleg spisskompetanse har andre vurderingar.

**Hardangerrådet meiner at dette lovframlegget ikkje kan presenterast for Stortinget utan ein skikkeleg avklaring av forholdet til EØS-avtale.**

**Hardangerrådet krev at Staten v/den norske regjeringa gjennomfører reelle samtaler og avklaringar med ESA slik ESA oppmodar Noreg om å gjera i si årsmelding av 2003.**

Hardangerrådet – Pb 78, 5782 Kinsarvik – Tlf.: 53 67 14 50 – Fax: 53 67 14 51

FNR: NO 980 045 412 – Bankgiro: 3450.35.55168

www.hardangerraadet.no – E-post: post@hardangerraadet.no



EIDFJORD  
KOMMUNE



GRANVIN  
HERAD



JONDAL  
KOMMUNE



KVAM  
HERAD




ODDA  
KOMMUNE



ULLENSVANG  
HERAD



ULVIK  
HERAD



**Konsekvensane av ny Lov om heimfall.**

Med unntak av tilvising til brevet frå ESA, kan Hardangerrådet ikkje sjå at fleirtalet i Heimfallsutvalet har vist til noko klart mål for dei endringane som vert føreslegne. Kvifor private og kommunane skal likestillast med evigvarande 1/3-del eigarskap eit salsinsentiv meir enn eit eigarinsentiv for dagens eigarar. Hardangerrådet kan heller ikkje sjå at fleirtalet har vist til kva verknadar endringane vil få på lang sikt. Plan- og Bygningslova krev konsekvensutgreiingar for verknadane for miljø, naturressurar og samfunn. Ei slik må gjennomførast før lovsaka kan fremjast. Herunder vil Hardangerrådet peika på at verken sjølvforsyning- eller krise/beredskapsspørsmålet er vurdert i NOU-en. Dette er ein vesentleg mangel ved utgreiinga og kan medføra lovvedtak på sviktande grunnlag.

**Hardangerrådet forventar at dei framlegga som Utvalet presenterer i NOU 2004:26 Heimfall, vert utfylt med konsekvensutgreiing i tråd med PBL.**

**Heimfall gjeld eigarskapen til naturressursane.**

Heimfallsordninga vart innført her i landet i 1909 for å sikra nasjonalt eigarskap til vasskraftressursane våre og slik råderett over ein miljøvennleg, fornybar og evigvarande energiressurs. Heimfallsutvalet har i NOU-en også peika på at det er viktig med eit system som sikrar dette nasjonale fortrinnet for økonomiske og administrative verkemiddel. Men fleirtalet i Heimfallsutvalet tar ikkje konsekvensen av at denne nasjonale ressursen er ein fellesverdi må sikrast for framtida. Naturressursane er ikkje ei gåve frå forfedrane, men eit lån me har fått frå framtidige generasjonar. Då Noreg deregulerte energisektoren i 1990, var det energi marknaden dette skulle omfatta. No vert dette drege vidare til deregulering av eigarskapen. Denne heimfallsaka gjeld altså eigarskapet til vasskraftsektoren og vedkjem vitale verdiar for det norske samfunnet i dag og for våre etterkomarar. Fleirtalet sitt framlegg gir insentiv til sal av offentlege eigarpartar til private og utanlandske eigarar, og det skapar usikker framtid for leveringstryggleik og prissetjing. Dessutan vil det kunna gi private og utanlandske eigarar styringsrett over svært mykje av norsk landareal, faktisk også evig eigedomsrett til vasskraft.

**Dersom NOU 2004:25 Heimfall ikkje vert utfylt med overståande utgreiingar, men lovframlegget vert driven gjennom, så støttar Hardangerrådet mindretallet i Heimfallsutvalet sitt framlegg til framtidig eigarstrukturar og heimfallsordningar. Primært er dette støtte til Transaksjonsmodellen og subsidiert til Rettighetsmodellen. Hardangerrådet viser elles til grunngevingane frå mindretallet.**

Med fruktbar helsing Hardangerrådet



Leiv Vambheim

Dagleg leiar.

Kopi til:

Kommunane i Hardanger

Hordalandsbenken på Stortinget

Stortinget sin energi- og miljøkomite

Hordaland Fylkesting v/ Fylkesvaraordførar

Vestlandsrådet

Regionråda i Hordaland

Landsamanslutninga av Vasskraftkommunar , LVK

Pressa



**Oppsummering av synspunkta frå Hardangerrådet:**

- 1. Hardangerrådet meiner at den verdiskapinga som vert gjort ved utnytting av naturressursane i Hardanger skal koma regionen til gode og gje grunnlag for regional utvikling. Vasskraft er ein av dei viktigaste naturressursane i Hardanger og må framleis vera det.**
- 2. Hardangerrådet meiner at dette lovframlegget ikkje kan presenterast for Stortinget utan ein skikkeleg avklaring av forholdet til EØS-avtale.**
- 3. Hardangerrådet krev at Staten v/den norske regjeringa gjennomfører reelle samtaler og avklaringar med ESA slik ESA oppmodar Noreg om å gjera i si Årsmelding av 2003.**
- 4. Hardangerrådet forventar at dei framlegga som Utvalet presenterer i NOU 2004:26 Heimfall, vert utfylt med konsekvensutgreiing i tråd med PBL.**
- 5. Dersom NOU 2004:25 Heimfall ikkje vert utfylt med overståande utgreiingar, men lovframlegget vert driven gjennom, så støttar Hardangerrådet mindretalet i Heimfallsutvalet sitt framlegg til framtidig eigarstrukturar og heimfallsordningar. Primært er dette støtte til Transaksjonsmodellen og subsidiert til Rettighetsmodellen. Hardangerrådet viser elles til grunngevingane frå mindretalet.**